



Dato: 25.05.2016

## Campus Bergen - Referat frå møte i arbeidsgruppa 23. mai 2016

Desse møtte;

Knut Songve, organisasjonssjef Hordaland idrettskrets

Torhild Næss Vedeler, leiar av Energisenter for barn og unge

Nina Grieg Viig, prodekan for lærerutdanning ved Høgskolen i Bergen

Vibeke Johannesen, dagleg leiar SK Brann

Pia Mørk Andreassen, avdelingsleiar Olympiatoppen Vest-Norge

Odd Bjarne Berdal, seniorrådgjevar / Prosjektkoordinator, opplæringsavdelinga Hordaland fylkeskommune

Britt Karen Spjeld, fylkesidrettssjef

Hanne Espe, rådgjevar idrett og friluftsliv, Hordaland fylkeskommune

### Gjennomgang av grunnlaget

- Informasjonen som er innsamla er på svært ulike nivå og mengde
- Vibeke lagar eit forslag til redigert tekst til ein «one-page» ila veka og sender det til Knut og Britt Karen
- Idrettskretsen tek på seg å lage denne i ein fin versjon med alle aktørar sine logoar og ev. bilder.
- Dette blir grunnlag til Opus, som på basis av dette lager eit tilbod om vidare utredningsarbeid som vi kan ha til møtet 17. juni

### Finansiering

- Hfk har budsjettert kr 100 000,-
- Høgskulen: kan truleg bidra med kr 50 000,-
- Idrettsforbundet: kan truleg bidra med kr 100 000,-
- Bergen kommune: truleg også midlar på inntil kr 100 000,-
- Helse Bergen skal nytte «one-page» til å få avklart om dei ev kan bidra
- SK Brann – kan truleg nytte resterande midlar frå moglegheitsstudien

Dette gjer nok midlar til første del av arbeidet. Tilbakemelding frå Opus vert grunnlag for sak til styringsgruppa om bestilling av eit felles utredningsarbeid. Dette kan lede til ny fase som må finne anna finansiering.

Er det aktuelt å rette søknader andre stader?

- Gjensidigestiftelsen – søknadsfrist 15. september
- Norsk tipping?
- Ekstrastiftelsen?

## **Verdiar – slogan**

Arbeidstittel: Idrettscampus Bergen

Arbeidsvisjon: Samspel for fysisk aktivitet

## **Onepage**

Presentasjon av verdiane kobla mot organisasjon

Presentasjon av dei sju områda.

Viktig å få med at Bergen har ei rolle også regionalt, nasjonalt og internasjonalt

Den samlande ambisjonen er å gjer regionen betre – i samarbeid

## **Konferanse**

Ide om felles konferanse som viser mangfaldet i høve opninga av energisenteret januar/februar 2017.

(Dato er ikkje sett.)

## **Skulebruksplanen**

Lagt på høyring 19.mai. Frist er 1. juli - <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/skulebruksplanen2/>

Campus – samarbeidet ligg omtalt «litt ullen» i tekstane rundt Årstad skule.

Campus kan vere eit bidrag til å lage betre rammer rundt kroppsøvingsfaget som har ein høg strykprosent.